

# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 7

DESEMBER 1996

29. ÅRG.



Me ynskjer alle ei  
god og signa julehøgtid!





## «Himmelsk strilejul»

Av Harald Sundsbø

*Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,  
der samles mine tanker  
som i sin hovedsum.*

*Der er min lengsel hjemme,  
der har min tro sin skatt;  
jeg kan deg aldri glemme,  
velsignet julenatt!*

Tittelen stod å lesa på eit første-sideoppslag i Bergens Tidende ein av førjulsdagane for nokre år sidan. Artikkelen handla nok ikkje om juleevangeliet – men om heilt spesielle lystilhøve i førjulsdagane det året. Men den kan så gjerne også vera utgangspunkt for nokre førjulstankar. For i det himmelske ved jula finn me det aller mest verdfulle.

No kunne me sikkert få mange svar på spørsmålet kva ei god jul er for noko. Eit samansett bilete er det nok. Det er mykje som er med på å skapa ein heilskap for oss.

Dei «jordiske», om me skal kalla det slik – eller dei materielle sidene ved jula tek mykje av tida vår.

Førejulsvekene er handletida framfor noko. Dei praktiske gjeremåla er mange, sjølv om ikkje alle legg like mykje vekt på dei mange kakesortane og storvasken i huset som før. Her er i alle høve meir enn nok å vera oppteken med. Men den djupaste og største rikdomen ligg likevel i stilla og undringa over det himmelske ved jula.

Julesongane er me vel alle glade i. Det er ikkje slik at me rynkar på nasen og ynskjer noko nytt når me kjem til kyrkja i jula. Tvert imot – her er det godt å få syngja i lag det kjente og kjære. Og syng me – eller les – julesongane med ettertanke, vil me nettopp finna den himmelske sida ved jula så sterkt framheva. Ta gjerne fram salmeboka og sjå etter!

Ein gamal julesalme av Brorson, som dei siste åra har kome fram att, uttrykkjer det slik:

Nokre gonger har eg hatt høve til å vera i Betlehem – i Fødselskyrkja – der ein minnest Jesu fødestad. For å koma inn i denne eldste kyrkja i verda, må ein bøya seg – avdi inngangsdøra er så lav. Dørhøgda kan nok forklarast med at det var ei sikring for at ikkje ryttrarar til hest skulle gå til åtak på kyrkja. Men samstundes er det ei påminning om at me i møte med det himmelske må bøya våre hovud i ærefrykt og undring for Han som er så mykje større enn me kan tenkja oss. Men som samstundes var villig til å verta fattig – for at me skulle verta rike.


Brorson uttrykkjer det slik vidare i salmen:

*Men under uten like,  
hvor kan jeg vel forstå  
at Gud av himmerike  
i stallen ligge må!*

Det himmelske skulle vera ein naturleg del av den gode jula for oss. Der finn me trua sin skatt og forankring og feste for livet. Dei materielle tinga har si avgrensa tid, medan det himmelske utvidar perspektivet og set livet inn i ein større og djupare samanheng. Gledesbodskapan som juleevangeliet lyftar fram for oss, handlar om han som kom for å dela himmelens herlegdom med oss. Det er for verdfullt til å stengja ute, men godt å ta til seg i undring og tilbeding.

*Velsigna julehøgtid til dykk alle!*

## Misjons teigen



I år er det ti år sidan eg slutta som kateket i Arna. Mykje har hendt i løpet av desse åra.

Sjølv har eg dessverre svikta n.d.g. brevkontakten med kyrkjelydane. Difor vil eg fortelja litt om kva eg har gjort sidan 1986.

Etter eitt år på Misjonshøgskulen i Stavanger og eit år språkstudium i Frankrike reiste eg til Kamerun hausten 1988. Der venta det endå eit språkstudium (fulani) før eg kunne byrja å arbeida – våren 1989. Eg fekk i oppgåve å ha tilsyn med kristendomsundervisninga ved kyrkja sine privatskular i to distrikt med i alt 11 skular. I tillegg hadde eg dåps- og konfirmantundervisning i Mbé, der eg budde. Eg fekk også ansvar for søndagsskulen i Mbé. Der underviste eg ikkje sjølv, men lærte opp leiarar.

Skuleåret 1991/92 var eg i Norge. Hausten -92 reiste eg ut til ny periode, også denne gongen i Mbé. Denne siste perioden var på fire år, med to månaders Norgesferie etter to år. Arbeidet var stort sett det same. Nesten alle desse åra

var eg åleine norsk misjonær i Mbé.

Nyttårshelga -94 fekk eg vera ein av hovudpersonane i ei historisk hending. Det var då me feira bryllaup. Eg var nemleg den fyrste norske misjonæren i Kamerun som vart gift med ein kamerunar.

I sommar kom me til Norge. Mannen min, Chance Emmanuel, hadde opplevd den norske sommareen to gonger før. Men vinteren er ei heilt ny erfaring.

No reknar me med å bli i Norge nokre år før me reiser tilbake til Kamerun. Heime er me både her og der!

Elles veit me ikkje så mykje om framtida. Men me veit at me er i trygge hender. «Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting». (Salme 23).

Helsing  
Målfrid Sandvik



# Romslo søndagsskule

mars 1996



Romslo søndagsskule er over 80 år gammel. Heile tida har han halde til i Romslo skule, noverande Romslo grendahus. – Lenge var Brita Romslo søndagsskulelærar. Ho var som ei mor for den oppveksande slekt. På det meste var det 40 born i søndagsskulen på Romslo. Dette er flokken i dag, og det er 100 % frammøte. Konfirmant Kristine Høgsæter gjorde teneste i søndagsskulen i 3 mndr., ho er med på biletet.

Hjarteleg helsing frå Romslo s.sk.  
Klara Ulveseter  
leiar

## ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf.: 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39. Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



## Den truende miljøkrise på forbrukersamfunnets himmel

Av Trygve Johansen

Kyrkjelydsbladet har i høst skrevet om forbrukersamfunnet, og denne gang er vi kommet til den miljøkrisen som nå truer oss. Siden det blir produsert ting som går langt utover de nødvendige behov, så forbrukes det unødige ressurser, og dette fører til en forurening av jorden. At unødvendig forbruk i sin tur forurenser miljøet, ser vi hver eneste dag. Når forbrukeren kaster det som han ikke trenger, blir søppelhaugene høyere og høyere. Siden mye av det som blir kastet, er ressurser på avveier, er det i hvert fall godt å registrere at gjenbrukstanken er begynt å få innpass i vårt samfunn.

I skyggen av vårt forbrukersamfunn ser vi dessuten at den fattige del av verden opplever hungerkatastrofer. Ekspertene snakker om en konstant fattigdomskatastrofe i den tredje verden, og det er ikke noe som tyder på at dette er en forbigående krise. Så lenge som den vestlige forbrukerkultur forbraker de fattiges ressurser, vil de fattige land trolig oppleve en konstant fattigdomskrise. Vår generasjon er den første som gir fra oss en verden som er fattigere på naturressurser enn den som vi en gang overtok. Det er for øvrig ikke nødvendig å male miljøkrisen med bred pensel, for vi kjenner den.

Vårt forbrukersamfunn blir idag utfordret av miljøkrisen, og vi er nødt til å finne nye løsninger for en ny framtid. Framtiden roper etter endringer, men skal vi kunne forandre på våre forbrukervaner, så må vi vite hva det i praksis går ut på. Forbruket av mange unødvendige ting må reduseres. Skal imidlertid miljøkrisen kunne forminskes, så

må forbrukeren først bli bevisstgjort sitt forbruk. Våre holdninger må først endres før vi kan legge om til en ny praksis.

Det er helt klart at vi idag trenger å tenke etisk om vår forbrukerkultur. Vi trenger en etikk som er villig til å stille spørsmål om vårt forbruk. Denne etikk må peke på forbrukerens uakseptable holdninger og motivere til å forandre kurs. Denne etikk må peke på at det gode liv kan leves uten det ødeleggende og sløsende forbruk, som vi idag opplever i vårt samfunn.

En truende miljøkrise blir mer og mer synlig i horisonten av vårt forbrukersamfunn, og vårt overforbruk er uten tvil en av de viktigste årsakene til denne krise. Vi har alle ansvar for at denne miljøkrisen kan løses, for vi er alle forbrukere. Her kreves både politiske løsninger av myndigheter og personlig innsats fra den enkelte forbruker hvis vi skal klare å løse den alvorlige miljøkrisen. Den har for lengst begynt å kaste sine svarte skygger innover forbrukersamfunnets gule himmel.

Det er viktig at kirken og den enkelte kristne tar disse spørsmål alvorlig. Vi finner ingen modell i Skriften for vårt forbrukersamfunn, men der får vi derimot høre om nøysomhet. Jorden tilhører Gud, og mennesket er satt inn i denne verden som Guds forvalter. Selv om det kan være vanskelig å leve etter de bibelske idealer i vårt forbrukersamfunn, så er det likevel vår oppgave. Vi skal få regne med Guds hjelp også når vi prøver å leve slik han vil. Den sikreste måte å løse miljøkrisen på, er å være Guds forvalter på jord.

# «Hvor hører du vel hjemme?»

Av Ole D. Hagesæther



Det var først langt ut i julefesten at vi fikk stille det spørsmålet der hvor jeg vokste opp.

Først var det julesalmene, så var det julesangene og så var det «avdeling for lette sanger». Og her hørte det spørsmålet til: «Hvor hører du vel hjemme?»

Svarene var, som dere vil huske, nokså mangeartede. Trampeland var jo et foretrukket forslag. Hinkeland var også en fulltreffer. Det ble mye herlig virvar.- Og så var julefesten slutt.

Men vel hjemkommet, har spørsmålet fortsatt vært hos meg. I et juleselskap ble faktisk dette spørsmålet utgangspunktet for en veldig alvorlig samtale.

Den ene etter den andre sa at han ikke riktig visste å svare. I det ytre var svaret greit nok. Norsk pass og lokal tilhørighet. Men samtalen dreide etterhvert mot det personlige livssynet: Som kirketilhørende i Den Norske kirke. Som barnedøpt og med akseptabel karakter i kristendomskunnskap fra folkeskolen: Når det kommer til stykket: HVOR HØRER DU EGENTLIG HJEMME?

Jeg har alltid likt å trampe og hinke rundt juletreet. Men gjennom livet må en finne et stødigere ganglag. Livet må ha retning og mål. Skal det bli sammenheng i alle enkeltavgjørelsene, da må det tas et livsvalg om religiøs tilhørighet.

Som julegjest i menighetsbladene er

utfordringen til dømte kirkefolk enda mer presis: Slipp julebudskapen tett innpå deg med helt personlig adresse: I DAG ER DET FØDT DEG EN FRELSE. GI HAM ROM OG HERRE-DØMME I LIVET DITT!

Jeg kan ikke la være å tenke på Sankta Sunniva når jeg skriver til menighetene dette året. Vi har jo klosteruinene tett innpå oss. 25.mai 1997 vil vi ved festgudstjeneste minnes at fire fylker tok dåp på Drageidet i 997.

Hun hadde ifølge legenden en kolossal bevissthet om åndelig tilhørighet, Sunniva. For henne var Kristus-fellesskapet viktigere enn noe annet: Da de forsøkte å ta troen fra henne, gikk hun i båt og lot seg drive dit Gud ville føre henne. For henne var liv og død helt underordnet Kristus-tilhørigheten.

HUN REISTE BOKSTAVLIG TALT OVER SJØ OG LAND! For oss på Vestlandet ble reisen av stor viktighet: Hun vitnet med sitt liv om Jesus. Hun bekjente med sin død at troen var alt for henne.

Den bekjennelsen er blitt hørt av kirkefolk ut over hele Europa. For oss bør ettertanken følge festligheten. Det er noen som tar dåp og tilhørighet på alvor: Slik skulle det være også for oss. Dåpstilhørighet og kirkemedlemskap skulle føre til livsfellesskap med Jesus!

## Julefestar og konsertar



### Julekonsert

i Ytre Arna kyrkje  
søndag 22. des. kl. 17.00

Arna Sangforening  
Arne Musikforening  
Ytre Arna barne- og ungdomskor  
Ytre Arna kyrkjekor  
Kap. Trygve Johansen  
Kollekt til nytt orgel



### Julefest i Tunes bedehus

laurdag 28. des. kl. 18.00.

Tale v/Reidun Skurtveit.

Mat.

Gang kring juletreet.

Velkommen!  
Tunes Indremisjon

### «Vi syng jula inn»



Samling om julesongar og musikk i Arna kyrkje  
onsdag 18.12. kl. 19.00 med

\* Arna Kammerkor \* Arna Barnekantori \*  
Keryx \* Kyrkjekoret \* Arnavågen musikklag  
Mykje fellessong/Andakt. v/Kari Myhr. Gratis inngang.

### Julefest for voksne Indre Arna bedehus

laurdag 4. januar kl. 18.

Tale av forst. Øyvind Øy.  
Song av

Arna Kammerkor.

Musikk v/Audun Boge.

Opplesing v/  
G. Strandenes.

Koldtbord.

Dessert og kaker.

Bill. kr. 125,-

Påmelding innan 30.12.,

tlf. 55 24 03 26.

### Julefest for heile familien

Indre Arna bedehus

3. juledag kl. 17.00

Andakt v/Eva Bognøy.

Song og opptrinn av barna.

Juleregang. Konkurransar.

Beverting m.m.

Inng.pengar:

Vaksne kr. 20,-.

Born kr. 15,-.



Arr.: Søndagsskolen «Barnerøster».

**ALENE PÅ**

**JUL Aften?**

**KOM TIL KYRKJE LYDS-HUSET!**

**GOD JUL!!!**





**Program:**  
 Kl. 17.00: Velkomst ved Erling Osland. Sang ved Liv Svanhild Osland. Andakt ved pastor Viggo Klausen.  
 Kl. 17.30: Julemiddag.  
 Kl. 20.30: Vi går rundt juletreet. Utdeling av julegaver.  
 Kl. 21.30: Kaker og kaffi. Lett underholdning og sang.  
 Kl. 23.00: Avslutning. Men den som vil, kan fortsatt være igjen.

**Alle julafteningrediensene blir med, men den viktigste, det er deg!!!**


**Pris:**  
 Kr. 100,- pr. voksen (over 15 år)  
 Kr. 50,- pr. barn (over 8 år)

**Påmeldingsfrist: 15. desember.**  
**Påmelding til: Erling Osland, telefon 5524 0934**

**OBS!**  
 Ta gjerne med dine egne julegaver om du vil. Det vil også bli julegaver utenom dette. Spiller du et instrument og kan spille til allsang, så ta gjerne med deg instrumentet! Husk å melde fra om du har behov for transport.

**DU ER HJERTELIG VELKOMMEN!!**

## Gudstjenestene på julaftan



Som ein vil sjå av gudstjenestelista for jula vil vi ha fire familiegudstjenester i Arna kyrkje på julaftan, kl. 12.00, kl. 14.00, kl. 15.15 og kl. 16.30. Det er første gong vi har så mange gudstjenester. Vi vil gjerne at alle skal få sitja. Det er trivelegare, og dessutan har det litt med dei vanlege sikringsforskriftene i kyrkja å gjera. Vi vil helst ikkje stenge nokon ute.

Det er klårt at mange tykkjer det er tidlig kl. 12. Butikkane er opne, og det er mange ting som skal ordnast. På ei anna side vert ventetida lang, og ved å gå tidleg i kyrkja får ein kanskje betre tid med familien utover ettermiddagen. Samstundes som dette er meint som eit hjarteleg vel møtt i kyrkja på julaftan, vert det ei venleg oppmoding om å vurdere tidspunktet. Ein reknar med at det vert best plass kl. 12, men og kl. 16.30 er det vanlegvis betre plass enn kl. 14 og 15.15.

I Ytre Arna er det gudstjeneste kl. 15.00 og 16.15. Det er som oftast best plass kl. 15.00.

På julaftan er det og gudstjeneste på Trengereid kl. 14, og på Takvam kl. 15.30.

Eg minner og om høgtidsgudstjenestene på juledagane. Etter ei hektisk og god julaftan er det likevel noko særleg å vera med på gudstjenesta på sjølv høgtidsdagen.

Så ynskjer alle vi som er tilsette i kyrkjelydane i Arna ei signa god julehøgtid til kvar einskild.

*Kjell Nese*

## Store gaver til kyrkjelyden i Arna

Under gudstjenesta 2. søndag i advent (8. desember) vart den nye kyrkjeklokka som er kjøpt inn til Arna kyrkje, teken i bruk for fyrste gong. Det vart og markert at vi i kyrkja har fått tekstilar på lesepult og preikestol, og dessutan ny kvit messehakel. Under kyrkjekaffien fekk kyrkjelyden og orientering om dei utsmykkingane som er komne på plass i kyrkjelydshuset. Alt dette har kyrkjelyden sett seg råd til å kjøpa for gaver som er komne inn til dette føremålet.

Kyrkjelydsbladet kjem tilbake med ein fyldigare artikkel om dette i neste nummer av bladet.


## Til å ruse seg på

Forsiktig! Du vert fort avhengig. Har du fyrst prøvd det gløymer du aldri den herlige opplevinga. Alle sanseintrykk vert forsterka, alle problem er milelangt borte – for ei stund. Så kjem du til deg sjølv på ein grå måndag – ein blå-måndag. Rusen er over, *leiren* er slutt!

Ja, det er leir eg talar om – ja endå i kristen regi. Leir kan faktisk vere ei rus-oppleving. Men det er ein annan rus enn den ein kan oppnå med alkohol og narkotika. Rusen kjem innifrå. Han er heilt naturleg og ekte!

Det er ikkje lett å forklare det som skjer på leir. Stemninga er god, vi kjem i godt humør, slappar av frå kvardagsstress og set heller kreftene inn i den hyggelege fellesskapen. Vi tar del i aktivitetar som vi elles sjelden finn høve til. Turar i fjell og myr. Fotball og annan idrett med trivsel og kameratskap som framste mål. Sporløp med postar som får vaksne folk til å danse og synge, og born til å nemna byar i Belgia. Sketsjar, leikar og allsong. Det er sett av tid til forkynning, lovsong, bøn og samtalar, og den som vil, har tid og rom og ro til ei stille stund. Vi er opnare, det vert lettare å prata og diskutera. Samtaleemna – aktuelle, kontroversielle – står utolmodige i kø. Maten smakar betre på leir. Frukost synest verdt å stå opp til. Og i skiløypa eller under eit strandhogg med kano, smakar til og med den halvtørre matpakken av tilfredsstilling, velver og fårepølse.

Alle slags folk trivst på leir. Kyrkjelydane og dei kristne organisasjonane har tilbod til alle alderstrinn heile året. Born kan reisa på leir, tenåringar, vaksne pensjonistar – ja endå familiar i lag og born og besteforeldre saman. Utvalet er svært variert og ein kan finna seg sin leir utifrå interesser og



ynskjer. Det finst store festivalar med hektisk program, høg puls og sterke inntrykk, og det finst koselege hytteturar med peiskos og gitar. Somme leirar byr på mykje sport, turar og bading, andre tek vare på dei meir sofakjære.

For kvardagsstessa menneske som dei fleste av oss, kan det synast vanskeleg å finne høve til leir. Difor kan det vere klokt å melde seg på ein leir som ligg litt fram i tid – der det enno er kvitte felt i tidsplanleggjaren. For når ein fyrst har late pliktene liggja og reist, angrar ein ikkje.

Barn, tenåring eller vaksen, bli med på leir og inviter med nokon som kan trenge å oppleve det! Dei av oss som har vore på leir veit kva det inneber, og me vender tilbake gong etter gong. For å treffe igjen gamle vener, for å vinne fleire vener og for atter ein gong å oppleve leirlivet og leir-rusen.

**Av Sivert Straume**  
**Det Norske Misjonsselskap,**  
**Bergen krets,**  
**Barne- og ungdomsavdelingen**

## Frå bedehusland

### Betania, Lone

#### Desember:

Søn. 15.: Vi syng jula inn kl. 16.00.

Søndagsskule.

Søn. 22.: NLM.

Fre. 27.: Barnefest kl. 17.00.

Lør. 28.: BUF/Y-ungdom.

Julefest kl. 19.00.

#### Januar 1997:

Ons. 01.: HIM.

Søn. 05.: Borgafest kl. 16.00.

Søn. 12.: BUF.

Tor. 16.: Nattverdsmøte.

Søn. 19.: NLM.

Tor. 23.: HIM. Årsmøte.

Lør. 25.: BUF. Unge vaksne-kveld kl. 19.30.

Søn. 26.: HIM.

Tir. 28 – søn. 02. febr.: Finnmarksveke.

### Møtevirksomhet Arna bedehus

#### Januar/februar 1997

16.01. kl. 19.30: Bøne og vitnmøte.

19.01. Misjonsfest.

23.01. kl. 17.00: Eldretreff.

30.01. kl. 19.30: Nattverdsmøte.

02.02. kl. 19.00: Møte.

05.02. kl. 19.30: Møte v/

Kjell Sønstabø.

09.02. kl. 19.00: Møte v/Misjons-sambandet.

13.02. kl. 19.30: Bøne- og vitnemøte.

16.02. kl. 19.00: Årsmøte Indremisj.

20.02. kl. 17.00: Eldretreff.

23.02. kl. 19.00: Møte.

26.02-02.03: Møteveke v/  
Audun Hjellvik.

### Misjonsfest i Arna bedehus søndag 19. jan. kl. 17.00.

Nærare program i Bygdnytt òg ved oppslag.

*Alle er hjarteleg velkomne!*

Misjonsfor. for N.M.S., N.L.M. og Santalmisj.



### Ytre Arna kyrkjekor

og Ytre Arna barne- og ungdomskor fylte 15 år i haust.

Her ser vi barne- og ungdomskoret på tur saman med dirigenten Siri Brunvoll.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døpte

- Arna sokn:**  
20.10.: Therese Kristine Lyngbo Iversen.  
Therese Sebestyen Jacobsen, Silje-Marie Tunes Huse, Kristian Tunes, Magnus Tunes.  
27.10.: Henriette Værøy Godø.  
03.11.: Synne Martine Takvam, døpt i Takvam kapell.  
10.11.: Marianne Mjelde, Seline Saxeboel Dæmring, Anders Wollmann, Christoffer Nordbø, Martin Hagberg Horvei.  
24.11.: Håkon Stølsås, Ørjan Sørstrønen Vabø, Mariell Steinstø Andreassen, Amalie Vågenes Kvammen, Amalie Sandvik, Stephanie Børhaug.
- Ytre Arna sokn:**  
18.09.: Eirik Sebastian Vadheim.  
20.10.: Sebastian Heimvik Haugland.  
20.10.: Amalie Joensen.  
27.10.: Marie Svardal Vikne.



## Vigde:

- Arna sokn:**  
19.10.: Erlend Bjørndal og Marit Takvam.  
19.10.: Bjørn Sundland og Siren Nøklung.  
08.11.: Reinholdt Günter von Gronau og Gunnlag Folkedal, vigde i Granvin kyrkje, Ulvik.  
16.11.: Hallvard Tjønneland og Unni Valestrand.

## † Døde:

- Arna sokn:**  
09.10.: Kaia Thunes f. 1910.  
15.10.: John Indrearnen f. 1920.  
19.10.: Katrine Flåthe f. 1907.  
20.10.: Gjøl Reigstad f. 1920.  
31.10.: Finn Sivertsen f. 1930.  
31.10.: Bjarne Skjoldal f. 1922.  
04.11.: Alfred Johan Borge f. 1921.  
07.11.: Charles Johan Alvær f. 1921  
10.11.: Konrad Nygård f. 1911.  
12.11.: Eirik Stänicke f. 1996.  
14.11.: Johannes Herfindal f. 1916.  
15.11.: Magnus A. Havre f. 1936.  
15.11.: Kjell Schønning f. 1939.
- Ytre Arna sokn:**  
07.10.: Arthur Sæther f. 1916.  
20.10.: Eli Ådland f. 1905.  
23.10.: Anfin L. Kalsås f. 1916.  
30.10.: Erling Bremerthun f. 1920.  
01.11.: Bernhard Steinsland f. 1913.  
07.11.: Anny Kalsås f. 1924.

## Ofringar:

- Arna sokn:**  
20.10.: Bergen Søndagsskulekrets kr. 4922,-  
27.10.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 3553,-  
03.11.: Kyrkjelydshuset kr. 4358,-  
10.11.: Dåpsopplæringa kr. 4212,-  
17.11.: Barne- og Ungdomsprosjekt kr. 2390,-  
24.11.: Den Indre Sjømannsmisjon kr. 3317,-

- Ytre Arna sokn:**  
20.10.: Bergen Søndagsskulekrets kr. 2897,50  
27.10.: Bibelskolen på Bildøy kr. 2924,50  
03.11.: Misjonsalliansen kr. 1800,00  
10.11.: Pinsevennenes Evangelisenter kr. 1140,00  
24.11.: Den Norske Sjømannsmisjon kr. 1520,00

## Kyrkjeskys

### Haukeland/Unneland

- 15. desember:**  
Nils Minde 5524 0154  
**22. desember:**  
Berit Haugsvær 5524 0815  
**25. desember:**  
Odmund Skjoldal 5524 2876  
**26. desember:**  
Sverre Myklebust 5524 2905  
**29. desember:**  
Ingrid Hope 5524 0808  
**1. januar:**  
Jens Hauge 5524 0143  
**5. januar:**  
Nils Minde 5524 0143  
Berit Haugsvær  
Odmund Skjoldal  
**19. januar:**  
Sverre Myklebust  
**5. januar:**

### Arnatveit og Indre Arna

- 15. desember:**  
Kaaresen 5524 0241  
**22. desember:**  
Kjos 5524 1782  
**25. desember:**  
Monstad 5524 3220  
**26. desember:**  
Håøy 5524 0326  
**29. desember:**  
Hollekve 5524 2345  
**1. januar:**  
Kaaresen 5524 0241  
**5. januar:**  
Kjos 5524 1782  
**12. januar:**  
Eide 5524 1515  
**19. januar:**  
Monstad 5524 3220  
**26. januar:**  
Håøy 5524 0326

**Neste nr. av Kyrkjelydsbladet** kjem etter planen ut 28. januar. Stoff til bladet kan leverast til kyrkjekontoret innan 14. januar.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Vollav. 31, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
Jostein Aarvik  
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen  
Tlf. 55 31 48 06

**Kontorfullmektig Arna**  
Ella Kaaresen  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
Svein Mjelde  
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland  
Tlf. 55 24 28 71

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5090 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Bente Vevle Birkeland  
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sølvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

## ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**55 90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



## KIRKENES SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag

## RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS

Soneterapeut Øreakupunktur



Moldalia 28B  
5230 Espeland  
Tlf.: 55 24 00 83

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**



## FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41



## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**55 24 25 95**

**K.a.s. Sarepta**

5260 Indre Arna

*Frøydig*  
**SALONGEN**

Garnesveien 41 – Indre Arna  
Tlf.: 55 24 00 68  
Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.



## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

### Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Din lokale  
storbank  
i Arna!

## KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

**Kleveland A.S**  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antenner,  
også TV 2.

**Litangen**  
**Husholdningsservice,**  
**Garnes**  
**Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 15.12.:** *3. s. i advent – Matt. 11, 2-10.*  
**Arna kl. 11.00.** Pastor Ivar Smedsrød. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Arna kl. KONSERT.** Haukeland Songlag.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Norges Kristelege Student- og skoleungdomslag.
- 18.12.:** **Arna kl. 19.00. KYRKJEKONSERT. VI SYNG JULA INN.** Arna kyrkjekor.
- 19.12.:** **Trengereid kl. 18.00.** Skulegudsteneste. Kateket Erik Rodal og kjell Nese. Trengereid songkor.
- 22.12.:** *4. s. i advent. Joh. 1, 19-27.*  
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Nattkaféen.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Diakonihøgskulen.  
**Ytre Arna kl. 17.00. KYRKJEKONSERT.** Kap. Trygve Johansen. Kyrkjekoret. Arne Musikforening. Arne Sangforening. Kollekt.
- 24.12.:** *Julaften – Luk. 2, 1-14.*  
**Arna kl. 12.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Arna kl. 14.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Barnerøster.  
**Arna kl. 15.15. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Arna kl. 16.30. FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Diakoniutvalet.  
**Ytre Arna kl. 15.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Ytre Arna kl. 16.15. FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Trengereid kl. 14.00. FAMILIEGUDSTENESTE.** Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Takvam kl. 15.30. FAMILIEGUDSTENESTE.** Sokneprest Knut Hernes. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 25.12.** *1. juledag – Joh. 1, 1-5 og 9-14*  
**Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste.** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.  
**Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste.** Kap. Trygve Johansen. Ytre Arna kyrkjekor. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
- 26.12.** *2. juledag – Apgj. 6, 8-15*  
**Arna kl. 11.00.** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst.  
**Trengereid kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste.** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til
- 29.12.** *S.e. jul – Luk. 2, 25-38*  
**Arna kl. 11.00.** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Dronning Mauds minne.
- 31.12.** *Nyttårsaften – Luk. 13, 6-9*  
**Arna kl. 23.15. MIDNATTSMESSE.** Kap. Trygve Johansen.
- 01.01.** *1. nyttårsdag – Luk. 2, 21*  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- 05.01.** *Kr. åpenbaringsdag – Matt. 2, 11-12*  
**Arna kl. 11.00. Misjonsgudsteneste.** Trygve Johansen. Målfrid Sandvik deltek. Alle misjonsforeningar er inviterte. Nattverd. Takkoffer. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Vikarprest Rolf Kjøde. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 12.01.** *1. s.e. Kr. åp. – Matt. 3, 13-17.*  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
**Takvam kl. 16.00.** Kjell Nese.
- 18.01.** **Arna kl. 16.00.** Barnegudsteneste v/Kjetil Nødtvedt m/barnekor.
- 19.01.** *Vingårdssønd. – Matt. 20, 1-16.*  
**Arna kl. 11.00.** Vikarprest Rolf Kjøde. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna.** Kjell Nese. Takkoffer til Israelmisjonen.
- 26.01.** *Såmannssøndagen – Luk. 8, 4-15.*  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Bibelmisjonen.  
**Arna kl. 19.00. FELLESMØTE.** Bibeldagen. Kollekt til bibelmisjonen.  
**Ytre Arna kl. 19.00. FELLESMØTE.** Bibeldagen. Kollekt til Bibelmisjonen.  
Trengereid kl. 11.00. Trygve Johansen. Takkoffer til Trengereid bedehus.